

# Reglement for trafikktryggingsutvalet

Trafikktryggingsutvalet er oppretta i medhald av kommunelova § 5-7. Etter vegtrafikklova § 40a har fylkeskommunen eit ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggleiken i fylket. Trafikktryggingsutvalet i Vestland skal vere eit fylkeskommunalt organ som er rådgjevande i saker som gjeld trafikkspørsmål, og i saker som gjeld koordinering av trafikktryggingsarbeidet i Vestland fylke.

## 1. Samansetjing

Utvalet skal ha syv medlemmer kor fem av medlemene skal vere frå utval for samferdsel og mobilitet, og to av medlemene skal vere frå dei andre hovudutvala.

Medlemmer og varamedlemmer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar. Utvalsleiar for samferdsel og mobilitet skal vere leiar av trafikktryggingsutvalet.

Trafikktryggingsutvalet er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

I tillegg til dei valde medlemene i møte deltek følgjande representantar frå institusjonar som konsultative medlem:

- Vestland politidistrikt
- Fylkesmannen i Vestland
- Trygg Trafikk
- Fylkeskommunens administrasjon
- Utrykningspolitiet
- Statens vegvesen
- Skyss/Kringom
- Autoriserte trafikkskolers landsforbund (ATL)

Dei konsultative medlemene har talerett. Dei konsultative medlemene har ikkje forslags- og røysterett. Tal på konsultative medlem kan utvidast slik trafikktryggingsutvalet finn det tenleg.

## 2. Oppgåver

a) Trafikktryggingsutvalet skal gjennom sitt område:

- ta dei initiativ utvalet finn naudsynt, og samordne offentleg og frivillig trafikktryggingsarbeid i fylket. Trafikktryggingsutvalet har ansvar for utarbeiding av eit handlingsprogram for Vestland.
- lage ein årsplan for dei konkrete tiltaka som er tenkt gjennomført i Vestland kor det synleggjerast kven som er ansvarleg for at tiltaka vert gjennomførte.
- krevje å få lagt fram kommuneplanar, reguleringsplanar, planar etter veglova, undervisningsplanar og andre planar der trafikktryggleiken er særleg viktig.
- stimulere og støtte det kommunale og frivillige trafikktryggingsarbeidet.
- ta opp andre saker som er viktig for trafikktryggleiken.

b) Saker der trafikktryggingsutvalet har avgjerdsmynde:

- sjå eige delegeringsreglement for økonomiske saker.
- tildeling av trafikksikringsprisen. Utvalet fastsett sjølv retningslinene for tildelinga.

c) Saker der trafikktryggingsutvalet har tilrådingsrett

- i saker innafor sitt arbeidsområde, og kor dei ikkje har avgjerdsmynde.

d) Fråsegn

- innan sitt arbeidsområde kan utvalet gjeve sjølvstendige fråsegner på vegner av utvalet
- utvalet gjev og fråsegn i saker som vert lagt fram for utvalet frå andre utval.

### 3. Arbeidsform

Trafikktryggingutvalet skal ha minst fire møter i året og elles etter behov.

### 4. Saksbehandling

For trafikktryggingutvalet gjeld Reglementet for saksbehandling.